

10 ØNSKJE

FRÅ EIT PÅRØRANDE BARN I MØTE MED HELSEPERSONELL

Sjå på meg og lær deg namnet mitt. Fortell meg også gjerne kva du heiter sjølv. Da forstår eg at du vil bli kjent med meg.

Smil til meg. Det er ikkje sikkert eg smiler attende, for kanskje er eg både redd og lei meg. Men smil til meg likevel. Når du smiler, viser du at du anerkjenner meg, og eg føler meg inkludert.

Spør om eg treng noko, for eksempel om eg er svolten eller tørst. Da forstår eg at du vil meg vel.

Våg å sjå meg i augo. Når du ser meg i augo når vi snakkar saman, veit eg at du toler og orkar meg. Når du ser meg i augo viser du meg også at du toler å sjå alt eg skammar meg over. Når du held fast blikket mitt viser du meg at du er ein trygg vaksen person som eg kan stole på. Dersom eg er veldig liten, sett deg gjerne på huk når du snakkar med meg. Da forstår eg at den store kroppen din ikkje er farleg.

Vis vilje til å sjå verda frå mitt perspektiv. Ikkje tru at du veit sanninga om meg og mitt liv. Kanskje har du møtt barn tidlegare som minner om meg, eller kanskje har du sjølv hatt ein tøff barndom. Men eg er berre meg. Og du er deg. Så legg ikkje orda i munnen på meg.

Still meg heller opne spørsmål, altså spørsmål der du ikkje veit svaret på førehand. Dette er spørsmål som begynner med kva eller korleis f.eks. *Korleis synest du det er å vere på besøk her på sjukehuset? Kva tenker du om at pappaen din må vere her? Korleis har du det i dag? Kva tenker du om at du snart skal sjå mamma di igjen?* Når du spør meg om mitt perspektiv og korleis eg har det, da forstår eg at du er opptatt av alle menneske og at du vil det beste både for meg og familien min.

Legg frå deg permene og nøklane når du pratar med meg. Da blir eg modigare fordi vi er meir like. Gå vekk frå skrivebordet og sett deg heller ved sida av meg. Da slepp eg kjenne på den veldige avstanden mellom oss.

Fortell meg at det er greitt å gråte og at det er greitt å vere både trist og redd. Da forstår eg at du anerkjenner kjenslene mine og sorga mi.

Gi meg lov til å vere eit barn. Fortell meg også at eg har lov til å tulle og le sjølv om vi er på eit sjukehus. Da forstår eg at du skjønner at eg er eit barn, og du gir meg lov til å vere eit barn.

Ver deg sjølv slik du er. Det betyr også at du kanskje må våge å legge vekk noko av profesjonaliteten din. Når du er ditt autentiske eg, da tillèt du også meg å vere den eg er.

